

Årsmøte Vestland krets

MØTESTED: Grand Hotell Terminus

DATO: 12. mars 2026

MØTEDELTAKERE 81
[SE VEDLAGTE NAVNELISTE]: Sjå vedlagt liste.

FRAVÆRENDE: Sjå vedlagt liste.

REFERENT: Ingvild Risnes Skeie

År 2026 den 12. mars, haldt Vestland krets årsmøte på Grand Hotel Terminus i Bergen sentrum. Møtet vart leia av Bjarte Aarlie.

Dagsorden

- Sak 1 Godkjenning av innkalling og val av referent
- Sak 2 Årsmelding
- Sak 3 Årsregnskap
- Sak 4 Fastsetjing av kretskontingent
- Sak 5 Val av medlemmar til kretsstyret
- Sak 6 Val av medlemmar til representantskapet
- Sak 7 Val av styremedlemmar til Yngre advokatar Vestland krets
- Sak 8 Val av medlemmar til kretsens valkomité
- Sak 9 Eventuelt

Sak 1/26

Godkjenning av innkalling og val av referent

Innkalling vart godkjent.

Bjarte Aarlie vart valt til ordstyrar.

Ingvild Risnes Skeie vart valt til referent.

Rikke Arnesen og Stian Osa vart valt til protokollunderskrivar.

Sak 2/26

Årsmelding 2025

Årsmeldinga var ikkje sendt ut på førehand.

Årsmeldinga vart gjennomgått av Bjarte Aarlie.

Mellom anna vart gjeve ein kort presentasjon av styret og medlemmar i representantskapet.

Tillitsvalte i dei ulike lovutval vart gjennomgått.

Vidare vart gjennomgått gjennomførte aktivitetar og kurs i 2025. Det vart opna for spørsmål – utan at nokon hadde det.

Alexander Sele gjennomgjekk årsmeldinga for YA. Den skriftlege versjonen inngår som ein del av årsmeldinga.

Sak 3/26

Årsregnskap 2025

Regnskap vart lagt fram av Brendan Stewart Mitchell – men var ikkje lagt fram på førehand. Regnskapet er ein del av årsmeldinga.

Regnskapet viser at kontingenten er på same nivå som før. Kretsen får overført kr 850,- pr. pers. Kursinntektene er om lag som i fjor. Kostnadane er knytt til medlemmene; kurs, medlemsmøte mm. Driftskostnadane er mindre enn i fjor.

Det er eit lite underskot i 2025. Det er i tråd med budsjettet og instruksen om å redusera eigenkapitalen. Kretsen har framleis god økonomi – det er framleis meir eigenkapital enn Advokatforeininga sentralt tilrår. Eigenkapitalen er på om lag 690 000,- - som er i overkant. Det vert difor budsjettert med underskot.

Styret vil gjerne ha innspel til tema for kurs eller andre arrangement som han heil-/delfinansierast av foreininga.

Det vart opna for spørsmål til årsregnskapet – utan at nokon hadde det. Det var ikkje merknadar til at ein vedtok årsregnskapet og dette vart dermed vedtatt.

Alexander gjennomgjekk regnskapet til YA – som er ein del av sjølve årsregnskapen.

Sak 4/26

Fastsetjing av kretskontingent

Det er ikkje føreslått endringar i kontingenten.

Sak 5/26

Val av medlemmer til kretsstyret

Bjarte Aarlie presenterte valstyrets innstilling.

Valstyret fremja følgjande kandidatar til styreverv:

Bjarte Aarlie, Sentrumsadvokaten – attval som fast medlem for eitt år – leiar

Ann Cathrine Lerstad, Vivicta – attval som fast medlem av styret for to år

Ingvild Risnes Skeie, Harris – attval som fast medlem av styret for to år

Ask Økland. Adv. Økland – attval som varamedlem for eitt år

Torbjørn K. Sognefest, Elden – på val som varamedlem for eitt år

Det vart spurt om det var nokon i forsamlinga som ville koma med benkeforslag (også mogleg å føreslå seg sjølv) eller hadde kommentarar/innspeil. Det var det ikkje.

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Kretsstyret ser slik ut etter valet:

Leiar:

Bjarte Aarlie (til 2027)

Nestleiar:

Anne Cathrine Lerstad (til 2028)

Medlemmar:

Brendan Stewart Mitchell (til 2027)

Rikke Arnesen (til 2027)

Stian Osa (til 2027)

Ingvild Risnes Skeie (til 2028)

Varamedlem:

Ask Økland (til 2027)

Torbjørn K. Sognefest (til 2027)

Sak 6/26

Valg av medlemmer til representantskapet

Bjarte presenterte valstyrets innstilling.

Vestlandet krets skal ha fire medlemmar i representantskapet. Valstyret fremjar forslag om følgjande kandidatar til Advokatforeininga sitt representantskap (Leiar har fast plass i representantskapet).

Brendan Stewart Mitchell, Adv. fa Garmann & Mitchell

Stian Osa, Frende Forsikring
Rikke Arnesen, Adv.fa FAM.

Ann Cathrine Lerstad, Vivicta (vara)
Ingvild Risnes Skeie, Harris (vara)
Ask Økland, adv.fa. Ask Økland og Pelagisk forening (vara)
Torbjørn Sognefest, Elden (vara)

Det vart spurt om det var nokon i forsamlinga som hadde merknadar. Det var det ikkje.

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Sak 7/26 Val av styremedlemmar til Yngre advokater Vestland krets

Bjarte presenterte valstyrets innstilling.

Valstyret fremjar fylgjande kandidatar til styreverv fram til 2028:

- *Kamilla Hope Kleppenes, Wikborg Rein (Bergen) - attval som fast medlem*
- *Sofie B. Grøndahl, Elden (Bergen) - attval som fast medlem*
- *Olav Småbrekke, Stiegler – velges som fast medlem*

Det vart spurt om det var nokon i forsamlinga som ville koma med benkeforslag (også mogleg å føreslå seg sjølv) eller hadde kommentarar/innspeil. Det var det ikkje.

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Styret i Yngre advokatar ser slik ut etter valet:

Leiar:

Alexander Gonzalo Sele (til 2027)

Medlemmar:

Kamilla Hope Kleppenes (til 2028)

Tiril Olin Vestre Røkke (til 2027)

Sofie Grøndahl (til 2028)

Olav Småbrekke (til 2028)

Sak 8/26 Val av medlemmar til kretsens valkomité

Bjarte presenterte valstyrets innstilling.

Valstyret fremjar fylgjande kandidatar til valkomiteen for 2026:

- **Robert Fonn, Blikra, Slåtterøy, Slåtterøy & Fonn**
- **Turid Lunde Oftedal, Advokatcompaniet**

- **Henrik Nygaard, DnB**

Vedtak: Valstyret si innstilling vart vedtatt.

Sak 9/26 Eventuelt

Det vart orientert kort om planar om ein ny internadvokat-dag.

Det kjem kurs før sommaren om ny rettleiar til advokatlova.

Styret ber elles om innspel til kurs.

Det vart også orientert kort om Rett på Sak på Litteraturhuset i Bergen.